



Stranda kommune

REGLEMENT FOR FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN

KOMMUNESTYRET OG ANDRE FOLKEVALDE ORGAN SIN RETT TIL INNSYN I SAKSDOKUMENT

1.1

Kommunestyret har som overordna organ for den kommunale forvaltninga rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument som omfattar dei delane av kommunen si verksemد som ligg innanfor organet sitt verkeområde. Dessutan kan desse organa krevje innsyn i dokument innanfor andre verksemder når dokumenta er nødvendige for vedkomande organ ved behandling av ei konkret sak.

2. Vedtak om innsyn

2.1

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokument i saker som skal behandles i organet.

2.2

Minst tre medlemer i kommunestyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jf. pkt. 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarende grunnlag.

2.3

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine saksdokument når minst 1/3 av medlemene røystar for det.

3. Tidspunkt for rett til innsyn

3.1

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/send til politisk handsaming. Saman med saksutgreiinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2

For saker som skal avgjeraast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m.

4.1

I utgangspunktet omfattar ikkje folkevalde sin rett til innsyn opplysningar som er underlagt teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når det er eit klart behov for dette ved behandling av ei konkret sak i vedkomande organ, jf. forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

4.2

Folkevalde har teieplikt om dokument dei har fått innsyn i når desse er underlagt teieplikt eller unnateke offentlegheit etter reglane i offentleglova. Medlemmer av folkevalde organ underteiknar erklæring om teieplikt.

Når ei sak vert handsama for lukka dører etter kommunelova § 31, skal det ikkje orienterast eller refererast frå saka, med mindre vedkomande organ har bestemt noko anna.

5. Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen

5.1

Krav om innsyn i saksdokument skal behandlast straks. Slike spørsmål skal rettast til rådmannen.

5.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under behandling, bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka vert behandla på, tidsplan o.l.

Reglementet er heimla i kommunelova § 40, pkt. 5.

Godkjent i kommunestyret 21.11.2011 – KOM-sak 128/11